



Referat SU- møte Bore skule 08.02.2024

Tid: 18.00- 19.00

Stad: møterom administrasjon Bore skule

Til stades:

| | |
|---------------------------------|---|
| Samuel Grude, 5b | Elevrepresentant |
| Tone Lise Hatteland Johnsen, 6a | Elevrepresentant |
| Iselin Abrahamsen | foreldrerepresentant- vara for FAU- leiar |
| Lill Vien | foreldrerepresentant- SU/ SMU- leiar |
| Edel Njærheim | representant andre tilsette |
| Anne Beth Torgersen Høines | lærarrepresentant |
| Hilde Malmin Kimo | lærarrepresentant |
| Martin Haukali (V) | kommunal representant (folkevald) |
| Jorun Beate Fylkesnes | kommunal representant (rektor) |
| Torhild Helen Melstokkå | støtte for elevrådsrepresentantar |

Sak 1/ 24 Godkjenning av innkalling og referat

Innkalling og referat godkjent.

Sak 2/ 24 Rekneskap årsslutt


Bore skule hadde eit overforbruk på 423 786,-, som utgjer 1 %.
Skulane har eit samla overforbruk på 13 958 878,-.
Det er ikkje lenger slik at skulane beheld +/- inntil 3% inn i nytt år.
Rektor vil rapportere på forbruk i forhold til både ressursar nytta til helse og målform.

Sak 3/ 24 Tilsyn Miljøretta helsevern

- Førre tilsyn var ferdig- befaring Bore skule den 24.9.2019.
- Rektor orienterte om kva denne forskrifta omhandlar. Forskrift om Miljøretta helsevern kan kallast «elevane sin Arbeidsmiljølov».
- Rapport etter tilsyn blir tatt opp som sak i SU eller SMU.

Sak 4/ 24 Tilsyn kap 9a og internkontroll

- Tilsyn ved Statsforvaltaren, av både Bore skule og Bore ungdomsskule.
- Særskilt fokus på delpliktene på skulenivå;
 - o Å varsle
 - o Å undersøkje
 - o Å sette inn tiltak
- Fokus på om kommunen sin internkontroll sikrar at aktivitetsplikt blir oppfylt.
- Opningsmøte 20. februar, kor personalet, FAU- leiar, SU- leiar og elevrådsleiar deltek frå både Bore skule og Bore ungdomsskule. Leiinga i Barn



Med blick for alle

og unge deltek, og skuleleiinga ved dei ulike skulane. Rapport etter tilsyn blir tatt opp som sak i SU eller SMU.

Sak 5/ 24 Vedtak skulerute for 24/ 25

Utdanningsforbundet ved Bore skule la fram forslag til skulerute, som vart sendt på avstemming per mail. 7 personar stemte for klubben sitt forslag til skulerute.

Vedtak:

Utdanningsforbundet sitt forslag til skulerute for 24/ 25 blir vedteke.

Sak 6/ 24 Vedtak ferie i SFO

Bore SFO har presentert forslag om å avvikle ferie i vekene 28, 29, 30 og 31 allereie sommaren 2024. Dette vil komande år bety sommarstengt frå og med 8.7.24 til og med 2.8.24. Plandag blir då 5.8. og oppstart SFO tysdag 6.8.24. 6 medlemmar i SU stemte for dette forslaget, og to stemte blankt.

Vedtak:

Bore SFO sitt forslag til ferie (som ovanfor) blir vedteke.

Sak 5/ 24 Orienteringssaker

- Elevråd (elevrådsrepresentantar og sosiallærar)
 - Arbeider mykje med klassemiljø, om korleis elevane har det og om mobbing.
 - Aksjon mot stygt språk, og søker FAU om pengar til armband med slagord for fint språk. Det skal vera ein konkurranse til alle klassane, og premie til dei som blir valt. Elevrådet arbeider med eit brev som skal ut til alle klassane.
 - Kakesalet gjekk bra. Pengane går til elevane, til leiker ute og inne.
 - Elevrådsleiar skal ha møte med skulesjef i morgon om konkurranse for alle elevar i Kleppskulen. Elevrådsleiar skal og delta på opningsmøte med Statsforvaltaren.
 - Utvida elevråd blir invitert til temakveld 20. mars klokka 17.00- 20.00, i lag med FAU og utviklingsgruppa på Bore skule.
 - TL- Trivselsleiarprogrammet er under oppstart, og skal arrangere Kick-off for alle trinn i Bore- hallen. Ein planlegg for å vera i gang etter vinterferien. Elevar som er Trivselsleiarar er nominert frå klassane.
- FAU
 - Trafikkvakter gjennom vinteren
 - Har ein pågåande refleks- kampanje, med 3 stikkprøver til nå. Blir premie til den beste klassen.
 - FAU arrangerer foreldremøte i mars, og Barnevakten skal halde foredrag om nettvett og sosiale media. Dette foreldremøtet blir fordelt over to kveldar, og klassevis i etterkant av fellesdel, kor foreldra skal arbeide med aktuelle problemstillingar. Dette er det foreldrekontaktane som følgjer opp i klassane.
 - Sykkelpøva blir arrangert i vår.
- Skuleeigar- utval for barn og unge
 - Hovudutval for Barn og unge har gjennomført opplæring om Barn og unge

- Sak om skular og barnehagar skal ha SU eller Driftsstyre blir drøfta. Skal det vera likt for alle skular og barnehagar?
- Sak i januar har vore kor mange flyktningar kommunen skal ta imot. Innstilling frå kommunedirektøren er 130, og 55 færre enn oppmodinga. Det er press på kommunale tenestar og boligar. Det er flest einslege som står i kø; vil truleg ikkje bli større press på skular.
- SFO (SFO- leiar)
 - Søkjarar til hausten har starta
 - 150 barn i SFO nå, og har hatt ein auke etter at SFO har blitt gratis for fleire.
 - 80 barn er påmeldt SFO i vinterferien.
 - Marte Meo- kompetanseheving held fram og til komande år. Etter neste år vil 9 tilsette inneha kompetanse. Dette blir felles plattform for dei SFO- tilsette.
- Skule (lærarar og rektor)
 - Elevundersøkinga hadde nedslåande mobbetal på Bore skule. Skulen vil sjå resultatata opp mot dei siste resultatata frå Klassesetivsel på 5. og 6. trinn, for å sjå om tala samanfeller, og for å avdekkje kven og kva det omhandlar. Deretter undersøkje og sette inn tiltak.
 - Har starta med TL- programmet.
 - PALS- høyring internt på skulen. Dette er ein evidensbasert modell for kollektivt korleis arbeide for blant anna trygt og godt skulemiljø. <https://www.nubu.no/hva-er-pals/category1129.html>
 - Rektor har presentert dei faste rammene for pedagogisk personalet med tanke på klasseinndeling for komande skuleår, når elevar skal over til Kleppelunden skule. Klubben har fått saka til drøfting.
 - I pedagogisk utviklingstid har lærarane arbeidd med kjenneteikn på profesjonelle læringsfellesskap, den engasjerte eleven og læreplanforståing som er kjerneelementa for Kleppskulen mot 2028.
 - 1. trinn nyttar På sporet, og skulen har arbeidd med Språkløyper. Ein ser at På sporet løftar elevar i lesing, når det blir systematisk gjennomført. Dette er ein del av intensiv opplæring på Bore skule.